



# Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

**Møtedato:** 02.04.2024  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** kl 09.00 - 11.30  
**Tidsbruk:** 3 timar  
**Førebuingstid:** 1 time

Møtedeltakarar	
Bertin Bjåen	
Elin Ringhus	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Lill Synnøve Laugaland	

Andre:

**Møtesekretær:**  
Jarle Lunde

## Godkjenning

Elin Ringhus og Knut Hagen har godkjend møteboka til å vere i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.



Foto: Jarle Lunde

Før ordinært møte var det dialogmøte med styret i Setesdal Ryfylke villreinlag der temaet var arbeidet med bestandsplan som skal vedtas på vårmøte i nemnda, samt kvoter for 2024.

## Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
007/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
008/24	Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar	
009/24	Meldingar	
010/24	Delegasjonssaker	
011/24	Fyresdal kommune - behandling av vedtak om deling av gbnr. 10/14 - Furebu	
012/24	Fyresdal kommune - behandling av vedtak om å skilje frå Nørstelistøylen frå Vassbø gbnr. 5/7-8	
013/24	Eventuelt	

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jarle Lunde	K1-033	24/374

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
007/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	02.04.2024

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

Sand, 02.04.2024

## **02.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**

### **Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

### **VRN-AU - 007/24 Vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/374

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	02.04.2024

## Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar

### Forslag til vedtak

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Sand, 02.04.2024

**02.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**

**Handsaming:**

Elin Ringhus blei foreslått til å skrive under møteboka saman med leiar.  
Samrøystes.

**VRN-AU - 008/24 Vedtak:**

Elin Ringhus blei valt til å skrive under møteboka saman med leiar

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/374

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	02.04.2024

## Meldingar

### Forslag til vedtak

Sakene blir teke til orientering.

Sand, 02.04.2024

**Underliggende saker:**

Saksnummer.	Tittel
1	Oppnemning av medlem og varamedlem til villreinnemnda for Setesdalsområdet - Bygland kommune
2	Brev om hensyn til villrein og Statens naturoppsyn sin rolle
3	Ber om strakstiltak for å lette tilhøva for villreinen
4	Ber om strakstiltak for å lette tilhøva for villreinen
5	Vanskelege beiteforhold for villreinen i Setesdal Austhei og nordlege delar av Setesdal Ryfylke

**02.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet****Handsaming:**

Det er viktig at det blir gjennomført ei evaluering.

**Røysting:**

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

**VRN-AU - 009/24 Vedtak:**

Sakene blir teke til orientering.



# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/374

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	02.04.2024

## Delegasjonssaker

### Forslag til vedtak

Sakene blir tatt til orientering

Sand, 02.04.2024

**Underliggende saker:**

<b>Saksnummer.</b>	<b>Tittel</b>
003/24	Uttale til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Hiimsvatn og vassveg til Sand kraftverk. NVEs referanse: 201001491-12

**02.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet****Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

**VRN-AU - 010/24 Vedtak:**

Sakene blir tatt til orientering

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jarle Lunde	K2-K40	23/1552

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
011/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	02.04.2024

## Fyresdal kommune - behandling av vedtak om deling av gbnr. 10/14 - Furebu

### Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet (AU) i Villreinnemnda for Setesdalsområdet klage på vedtak i sak 8/2024 i hovudutvalet for plan og miljø, Fyresdal kommune.

Løyve til deling av fritidseigedomen til vil kunne bidra til ei bit for bit utbygging av villreinen sitt leveområde. I den regionale Heiplanen seier retningslinjene at villreininteressene skal tilleggas stor vekt i området, nye fritidsbygg tillatast ikkje. Vedtaket er dermed ikkje i tråd med Heiplanen.

AU meiner nasjonale og regionale interesser er vesentleg tilsidesett og kan heller ikkje sjå at fordelene med å gi dispensasjon er større enn ulempene. Dermed er ikkje vilkåra for å kunne gi dispensasjon til stades. Dispensasjon må bli gjort om.

Sand, 02.04.2024

## **Vedlegg:**

Melding om vedtak - søknad om deling av Furebutomta gbnr. 10/14  
Saksprotokoll - HPM 12.03.2024 - Søknad om deling av gbnr. 10\_14 - Furebu.pdf  
Søknad om deling av gbnr. 10\_14 - Furebu.pdf  
Førehandsuttale - deling av hyttetomt , gbnr 10/14 Fyresdal kommune

Villreinnemnda har 13.03.2024 mottatt vedtak frå Hovudutvalet for plan og miljø, Fyresdal kommune, sak 8/2024.

## **Saka**

Fyresdal kommune har motteke søknad frå eigar av gbnr. 10/14 med ønskje om å dele hyttetomta i to einingar. Tomta er anslått til 1000m<sup>2</sup>, men er ikkje oppmålt. Eigedomen er ein fritidseigedom med hovudhytte, to anneks og 2 uthus. Ved deling vil hovudhytta og eit uthus bli ei eining og to anneks og eit uthus ei eining. Eit anneks vil måtte flyttast. Storleik på nye tomter vil vere om lag 1 daa kvar.

Villreinnemnda gav uttale til saka datert 24.01.2024 og med bakgrunn i villreinsinteressene, Heiplanens retningslinjer og mogleg presedensverknad, blei det råd i frå å gi løyve til deling av hyttetomt.

Også Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark rådde i frå å gi dispensasjon.

Innstillinga til vedtak frå kommunaldirektøren var å ikkje gi løyve:

*Med heimel i Plan- og bygningslova §11-6 og 19-2, blir det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, til å dele gbnr 10/14 slik det er søkt om. Nasjonale interesser vil ved ei deling her bli vesentleg tilsidesett. Fordelane ved å frådele er av personleg karakter og kan ikkje vektleggast i særskilt grad i denne vurderinga.*

Vedtak i Hovudutvalet for plan og miljø - 12.03.2024:

*Med heimel i Plan- og bygningslova § 11- 6 og 19-2, blir det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til å dele gbnr 10/14 slik det er søkt om. Frådelinga grunnast med uendra bruk og alle bygg allereie ligg på tomta i dag. Flytting av uthus må ikkje føre til bygg kjem nærare vatnet enn etablerte bygg.*

Det visast elles til vedlegg for meir bakgrunnsinformasjon.

## **Vurdering**

Villreinen slit. Den samla belastninga grunna fragmentering av leveområda er for stor. Det er derfor no under utarbeiding ei stortingsmelding om villrein og ein tiltaksplan for å betre forholda. I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027» er det nye og tydelege forventningar om å sikra leveområda til villreinen. Det blir vist til at dei regionale planane for fjellområda med villrein er eit viktig verktøy for å få til dette.

Den regionale «Heiplanen» frå 2013 gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av Setesdal Austhei. Hytta det her er snakk om ligg innanfor omsynsone nasjonalt villreinområde.

Jfr retningslinjene i planen skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning i denne sona og nye fritidsbygg tillatast ikkje. Vedtaket er dermed ikkje i tråd med Heiplanen.

Deling av fritidseigendommen er ingen stor sak i seg sjølv, men i saker som denne må ein sjå på samla belastning. Det er ikkje tilstrekkeleg å vurdere konsekvensar isolert og berre ut

frå eit nåtidsperspektiv.

For å unngå ei bit for bit utbygging treng ein ei heilskapleg forvaltning. Det har me moglegheit til gjennom retningslinjene i Heiplanen, men da må dei følgjast. I denne saka gjer ein ikkje det.

Sjølv om det dreier seg om eksisterande bygg, vil deling av eigedomen føre til at det blir danna ei ny eining med fritidsbustad. Potensialet for auka bruk er dermed stor.

Kommunedirektøren konkluderer med følgjande i saka:

*For å kunne gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 må omsyna bak føresegnene det dispenserast frå, omsyna i formålsføresegna i lova eller nasjonal eller regional interesser, ikkje bli vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.*

*Det kan i dette tilfellet ikkje gis dispensasjon til deling av gbnr. 10/14, Furebu slik det er søkt om. Nasjonale interesser vil ved ei frådeling her bli vesentleg tilsidesett. Fordelane ved å frådele er av personleg karakter og kan ikkje vektleggast i særskilt grad i denne vurderinga*

Sekretariatet er samd i denne konklusjonen og vil rå arbeidsutvalet i villreinnemnda å klage på vedtaket.

Alternativt kan arbeidsutvalet ta vedtaket til etterretning og ikkje klage på vedtaket.

## **02.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**

### **Handsaming:**

To alternativ: 1) Ja til å klage jfr forslag til vedtak, og 2) nei til å klage

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

### **VRN-AU - 011/24 Vedtak:**

Arbeidsutvalet (AU) i Villreinnemnda for Setesdalsområdet klage på vedtak i sak 8/2024 i hovudutvalet for plan og miljø, Fyresdal kommune.

Løyve til deling av fritidseigedomen til vil kunne bidra til ei bit for bit utbygging av villreinen sitt leveområde. I den regionale Heiplanen seier retningslinjene at villreininteressene skal tilleggas stor vekt i området, nye fritidsbygg tillatast ikkje. Vedtaket er dermed ikkje i tråd med Heiplanen.

AU meiner nasjonale og regionale interesser er vesentleg tilsidesett og kan heller ikkje sjå at fordelene med å gi dispensasjon er større enn ulempene. Dermed er ikkje vilkåra for å kunne gi dispensasjon til stades. Dispensasjon må bli gjort om.

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jarle Lunde	K2-L33	23/1446

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
012/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	02.04.2024

## Fyresdal kommune - behandling av vedtak om å skilje frå Nørstelistöylen frå Vassbø gbnr. 5/7-8

### Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet (AU) i Villreinnemnda for Setesdalsområdet klage på vedtak i sak 7/2024 i hovudutvalet for plan og miljø, Fyresdal kommune.

Jamfør den regionale Heiplanen skal villreininteressene tilleggas stor vekt i området, nye fritidsbygg tillatast ikkje, og støylar skal ikkje fradelast. Vedtaket er dermed ikkje i tråd med Heiplanen. Vedtaket strir også med kommuneplanen der det heiter at stølar ikkje skal fradelast.

Løyve til frådelling av Nørstelistöylen til fritidshytte vil kunne bidra til ei bit for bit utbygging av villreinen sitt leveområde.

AU meiner nasjonale og regionale interesser er vesentleg tilsidesett og kan heller ikkje sjå at fordelen med å gi dispensasjon er større enn ulempene. Dermed er ikkje vilkåra for å kunne gi dispensasjon til stades. Dispensasjon må bli gjort om.

Sand, 02.04.2024

**Vedlegg:**

Melding om vedtak - søknad om å skilje frå Nørstelistøylen frå Vassbø gbnr. 5/7 og 8  
Saksprotokoll - HPM 12.03.2024 - Søknad om å skilje frå Nørstelistøylen frå Vassbø gbnr.  
5\_7 og 8.pdf  
Søknad om å skilje frå Nørstelistøylen frå Vassbø gbnr. 5\_7 og 8.pdf  
Førehandsuttale - frådeling av driftshytte, gbnr 5/7 Fyresdal kommune

Villreinnemnda har den 13.03.2024 mottatt vedtak frå Hovudutvalet for plan og miljø, Fyresdal kommune, i sak 7/2024.

**Saka**

Frå eigar av gbnr. 5/7 og 5/8 er det søkt om frådeling av Nørstelistøylen frå eigedomen, denne skal overførast til søkjars syster som ein del av farsarven sin. Det er ynskjeleg å skilje frå ei tomt på ca. 3 mål som vil innehalde dei tre bygningane som står der i dag. Støylsbua på 15m2, høyløa og ein liten utedo.

Eigendomen Vassbø har i dag 2 enkle hytter/ støylsbuer på heia i tillegg til Nørstelistøylen. Knatten og Nørstelistøylen er registrerte som landbruksbygg i matrikkelen, medan Nesstøylen er registrert som fritidsbustad.

Villreinnemnda gav uttale til saka datert 14.12.2023 og med bakgrunn i villreinsinteressene og Heiplanens retningslinjer rådde nemnda i frå å i løyve etter søknad.

Også Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark rådde i frå å gi dispensasjon.

Innstillinga til vedtak frå kommunaldirektøren var å ikkje gi løyve:

*Med heimel i Plan- og bygningslova §11-6 og 19-2, blir det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, til å dele frå Nørstelistøylen frå gbnr 5/7 slik det er søkt om. Nasjonale interesser vil ved ei frådeling her bli vesentleg tilsidesett. Fordelane ved å frådele er av personleg karakter og kan ikkje vektleggast i særskilt grad i denne vurderinga.*

Vedtak i Hovudutvalet for plan og miljø - 12.03.2024:

*Med heimel i Plan – og bygningslova §11-6 og 19-2, blir det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, til å dele frå Nørstelistøylen frå gbnr 5/7 slik det er søkt om. Frådelinga vil vere ledd i eit arveoppgjer. Delinga vil ikkje føre til ny busetting da hytta allereie ligg på plassen i dag og bruken alt er etablert. Frådelinga vil og vere med på og oppretthalde bruken av området og halde landskapet i hevd. Frådelinga må og handsamast etter jordlova.*

Det visast elles til vedlegg for utfyllande opplysningar.

**Vurdering**

Villreinen slit. Den samla belastninga grunna fragmentering av leveområda er for stor. Det er derfor no under utarbeiding ei stortingsmelding om villrein og ein tiltaksplan for å betre forholda. I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027» er det nye og tydelege forventningar om å sikra leveområda til villreinen. Det blir vist til at dei regionale planane for fjellområda med villrein er eit viktig verktøy for å få til dette.

Vedtak sett i lys av Heiplanen

Den regionale «Heiplanen» frå 2013 gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området. Driftshytta det her er snakk om ligg innanfor omsynsone nasjonalt villreinområde i eit område villreinen blant anna nyttar som kalvings og oppvekstområde. Jfr retningslinjene i planen skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning i denne sona, nye fritidsbygg tillatast ikkje, og støyler skal ikkje frådelast. Vedtaket er dermed ikkje i tråd med Heiplanen.

#### Vedtaket sett i lys av kommuneplanen sin areaaldel

I kommuneplanen ligg hytta i omsynsone villrein. I planen sine føresegner og retningslinjer heiter det: *Ved handsaming av søknader om tiltak innan hensynssona skal omsynet til villreininteressene vektleggast særskilt. For dei nasjonale villreinområda Setesdalsheiane – Ryfylkeheiane (Heiplanen), er det under utarbeiding regionalplan som vil gjer føringar for bruken av områda.*

I planen sine føresegner og retningslinjer heiter det også at frådeling av støyler ikkje lov.

Vedtaket legg ikkje desse punkta i kommuneplanen til grunn. Det er ikkje gitt noko grunngeving for dette. Vedtaket er dermed ikkje i tråd med kommuneplanen.

#### Sluttmerknad

Ei frådeling vil gjere at Nørstelistøylen blir kategorisert som ein fritidsbustad. Frådeling vil kunne endre ferdsel i det som må reknast for å vere eit viktig funksjonsområde for villreinen. I Heiplanområdet vil det vere mange som kunne ønskje å dele frå på denne måten for å få ei fritidshytte. Presedensverknad er derfor viktig i saka.

Frådeling av Nørstelistøylen er ingen stor sak, men i saker som denne, der naturmangfaldet er berørt, er det ikke tilstrekkeleg å vurdere konsekvensar isolert og berre ut frå eit nåtidsperspektiv. Ein må vurdere ut frå ei samla belastning. For å unngå ei bit for bit utbygging treng ein ei heilskapleg forvaltning. Det har me moglegheit til gjennom retningslinjene i Heiplanen, men dei må følgjast. I denne saka gjer ein ikkje det.

Kommunedirektøren i Fyresdal konkluderer med følgjande:

*For å kunne gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 må omsyna bak føresegnene det dispenserast frå, omsyna i formålsføresegna i lova eller nasjonal eller regional interesser, ikkje bli vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.*

*Det kan i dette tilfellet ikkje gis dispensasjon til frådeling av Nørstelistøylen slik det er søkt om. Nasjonale interesser vil ved ei frådeling her bli vesentleg tilsidesett. Fordelane ved å frådele er av personleg karakter og kan ikkje vektleggast i særskilt grad i denne vurderinga*

Sekretariatet er samd i denne konklusjonen og vil rå arbeidsutvalet i villreinnemnda å klage på vedtaket.

Alternativt kan arbeidsutvalet ta vedtaket til etterretning og ikkje klage på vedtaket.

## **02.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**

### **Handsaming:**

To alternativ: 1) Ja til å klage jfr forslag til vedtak, og 2) nei til å klage

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak



**VRN-AU - 012/24 Vedtak:**

Arbeidsutvalet (AU) i Villreinnemnda for Setesdalsområdet klage på vedtak i sak 7/2024 i hovudutvalet for plan og miljø, Fyresdal kommune.

Jamfør den regionale Heiplanen skal villreininteressene tilleggas stor vekt i området, nye fritidsbygg tillatast ikkje, og støylar skal ikkje frådelast. Vedtaket er dermed ikkje i tråd med Heiplanen. Vedtaket strir også med kommuneplanen der det heiter at stølar ikkje skal frådelast.

Løyve til frådelling av Nørstelistøylene til fritidshytte vil kunne bidra til ei bit for bit utbygging av villreinen sitt leveområde.

AU meiner nasjonale og regionale interesser er vesentleg tilsidesett og kan heller ikkje sjå at fordelene med å gi dispensasjon er større enn ulempene. Dermed er ikkje vilkåra for å kunne gi dispensasjon til stades. Dispensasjon må bli gjort om.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/374

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	02.04.2024

## Eventuelt

Sand, 02.04.2024

## 02.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

### Handsaming:

#### 1. Møtegodtgjering

Det var semje om 3 timar for møte + 1 time for møteførebuing

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:  
<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>

Det blir oppfordra til å sende inn honorarkrav i etterkant av kvart møte. Da får du betalinga raskare og den som skal halde oversikt over utgiftene får ei enklare oppgåve. Bruk lønnart 5534 Honorartimer i DFØ appen.

Satser utvalg	2023	2024
Leder	685,00	721,00
Medlem	518,00	545,00
Møteforberedelser leder	518,00	545,00

#### 2. Bestandsplan og kvote, Setesdal Austhei

Utkast til bestandsplan og avskytingsplan føreligg. Det er ønskeleg at villreinlaget vurdere tidshorizont for bestandsplan, samt forventningar gitt i brev frå nemnda (datert 01.03.2024), særleg angående tiltaksplan for villrein.

### VRN-AU - 013/24 Vedtak:

#### 1. Møtegodtgjering

3 timar for møte + 1 time for møteførebuing

#### 2. Utkast til bestandsplan Setesdal Austhei

Leiar og sekretær skriv innspel til Setesdal Austhei villreinlag.